

Love for Norges Bondelag 2017

Vedtekne 1896 med seinare revisjonar.
Siste endring vedteke av årsmøtet 2017.
Originalen er på bokmål.

Innhald

KAP. I. VANLEGE FØRESEGNAR FOR NORGES BONDELAG	2
§ 1. Formål	2
§ 2. Verkemiddel og arbeidsformer	2
§ 3. Medlemskap	2
§ 4. Organisasjon	2
§ 5. Plikter mot organisasjonen og kven som kan veljast	3
§ 6. Skilsdom	3
§ 7. Reaksjonar frå organisasjonen overfor ein medlem	3
§ 8. Medlemskontingent	3
KAP. II. STYRANDE ORGAN	4
§ 9. Årsmøtet	4
§ 10. Ekstraordinært årsmøte	5
§ 11. Representantskapet	5
§ 12. Styret	6
KAP. III. OM LOKALLAG AV NORGES BONDELAG	8
§ 13. Lokale bondelag	8
§ 14. Årsmøtet i lokale bondelag	8
§ 15. Styret i lokale bondelag	8
§ 16. Ansvar	9
§ 17. Æresmedlemer i lokale bondelag	9
KAP. IV. OM FYLKESLAG AV NORGES BONDELAG	10
§ 18. Fylkesbondelag	10
§ 19. Årsmøtet i fylkesbondelaget	10
§ 20. Styret i fylkesbondelaget	11
§ 21. Ansvar	11
§ 22. Æresmedlemer i fylkesbondelaget	11
KAP. V. SPESELLE FØRESEGNAR	12
§ 23. Utfyllande føresegner m.m .	12
§ 24. Avstemmingar	12
§ 25. Aksjonsapparatet	12
§ 26. Rekneskap og revisjon	12
§ 27. Meldingar	12
§ 28. Endring i lovene	12
§ 29. Oppløysing	12

Kap. I. Vanlege føresegner for Norges Bondelag

§ 1. Formål

Norges Bondelag har til formål å samle alle som er eller kjenner seg knytte til bondeyrket, for å fremje felles saker, tryggje landbruket og arbeide for dei økonomiske, sosiale og kulturelle interessene i bygdene.

Norges Bondelag er partipolitisk nøytralt og skal ikkje yte økonomisk stønad til eller ta imot økonomisk stønad frå politiske parti.

Norges Bondelag byggjer på nasjonal og kristen grunn.

§ 2. Verkemiddel og arbeidsformer

- a. For å verkeleggjere sine mål etter § 1 vil Norges Bondelag mellom anna arbeide for:
 1. At det einskilde medlem får slike vilkår at han/ho finn seg til rette i yrket sitt og i bygda.
 2. Å ivareta landbruksnæringa sine interesser overfor styresmaktene i landet og andre. På vegne av næringa tinge om og inngå avtaler om prisar, tiltak m.v. til fremje av næringa.
 3. At næringa skal oppnå full jamstelling, så vel økonomisk, sosialt som kulturelt. Norges Bondelag arbeider for gjensidig tillit mellom ulike grupper i samfunnet og i forholdet til offentlege styresmakter. Norges Bondelag vil gjere alt det evnar for å løyse sine oppgåver ved forhandlingar. Dersom dei vitale interessene til landbruksnæringa blir truga ved misbruk av makt og ved at rimelege krav blir sett til side, kan Norges Bondelag setje i verk mottiltak.
 4. Full tilslutnad frå utøvarane av næringa til dei økonomiske organisasjonane i landbruket.
 5. Å fremje kulturelt, sosialt og fagleg arbeid i bygdene med sikte på å utvikle og sikre bygdesamfunnet som heilskap.
 6. Å ivareta landbruket sine interesser internasjonalt.
- b. Norges Bondelag skal ha eit nært samarbeid med Norges Bygdeungdomslag og Norges Bygdekvinnelag, og skal også stø desse økonomisk.

- c. Norges Bondelag skal ha eit nært samarbeid med samvirkeorganisasjonane og andre organisasjonar innan landbruket. Norges Bondelag vil også samarbeide med andre der dette er formålstenleg.
- d. Norges Bondelag er eineigar av Bondelagets Servicekontor AS og skal gjennom dette selskapet yte service og informasjon til medlemmene i Norges Bondelag i samsvar med vedtektene til selskapet.

§ 3. Medlemskap

- a. Som medlemmer i Norges Bondelag kan takast opp personar som har yrket sitt i landbruket og andre som ønskjer å stø arbeidet til Norges Bondelag.

Medlemskap i Norges Bondelag er direkte og personleg.

For å bli medlem, må innmeldingsskjema, fastsett av Norges Bondelag, fyllast ut.

Utmelding må gå skriftleg. Utmeldinga gjeld frå utgangen av året. Ein som etter påkrav ikkje har betalt kontingent det siste året, skal strykast som medlem.

- b. Æresmedlemer av Norges Bondelag blir utnemnde av årsmøtet etter framlegg frå styret.

§ 4. Organisasjon

Medlemene i Norges Bondelag blir organiserte i lokale bondelag. I særskilde tilfelle kan ein medlem bli organisert direkte i fylkeslaget etter godkjenning av styret i fylkeslaget.

Er det fleire lokale bondelag i ein kommune, skal desse ha eit samarbeidsorgan.

Fleire lokale bondelag kan samarbeide innan mindre område enn eit fylke.

Dei lokale bondelaga i eit fylke skal sluttast saman til eit fylkeslag.

Dersom fylke slår seg i hop kan eksisterande fylkeslag i Norges Bondelag halde fram som sjølvstendige fylkeslag etter søknad og godkjenning av styret i Norges Bondelag.

Samanslåing eller nedlegging av lokallag gjennom overføring av medlemmer til eit anna lag, kan skje etter årsmøtevedtak i lokallaget med $\frac{3}{4}$ fleirtal av dei avgitte stemmene, eventuelt ved fleirtalsvedtak på to på kvarandre følgjande årsmøte. Samanslåinga eller nedlegginga må godkjennast av styret i fylkeslaget.

Fylkesbondelag og lokale bondelag er arbeidsorgan i Norges Bondelag, og skal arbeide i samsvar med desse lover og vedtak gjort i medhald av dei. Fylkes- og lokallaga sine ansvarsområde er fastlagde ved desse lover (jfr § 16 og § 21).

Årsmøtet i Norges Bondelag vedtek retningsliner for arbeidet i fylkeslaga og lokallaga.

Norges Bondelag sitt merke er kornbandet.

Norges Bondelag sitt hovudsete og verneting er Oslo.

§ 5. Plikter mot organisasjonen og kven som kan veljast

Medlemmene i Norges Bondelag skal:

- a. Følgje alle vedtak som blir gjort innan Norges Bondelag i samsvar med formål og lover for organisasjonen.
- b. Ta imot val til ombod i organisasjonen og val som blir gjorde i lokallag, fylkesbondelag og Norges Bondelag. Ein medlem kan nekte attval for like lang periode som han har fungert i eit ombod. Berre medlemmer i Norges Bondelag kan veljast til ombod i organisasjonen.

§ 6. Skiltsdom

Dersom det oppstår tvist mellom Norges Bondelag på den eine sida og ein eller fleire medlemmer på den andre sida når det gjeld å forstå desse lovene, eller vedtak gjort i medhald av dei, eller tvist om ein medlem eller ei gruppe medlemmer etter § 5 a er pliktig til å følgje vedtak som er gjorde i Norges Bondelag, blir tvisten avgjort ved dom (orskurd) med endeleg verk- nad av ein rett på tre medlemmer. Skiltsdomen skal vere grunnigjeven.

Høyesterettsjustitiarius oppnemner leiar for retten og kvar av dei to interessegruppene eitt medlem kvar.

Med omsyn til sakshandsaminga for denne retten, gjeld reglane i kap. 32 om skiltsdom (tvistemålsloven) så langt dette høver.

Den som ønskjer å reise sak om skiltsdom, må setje fram krav om dette innan tre månader etter at han er blitt kjend med vedtaket det gjeld. Krav skal vere grunnigjevne og skal sendast i rekommandert brev til leiarane i Norges Bondelag. Er det Norges Bondelag som vil reise sak om skiltsdom, skal vedkomande varslast med oppmoding om å uttale seg. (Gjeld det ei gruppe, skal leiarane for gruppa varslast.)

§ 7. Reaksjonar frå organisasjonen overfor ein medlem

Medlemmer som bryt lovene i organisasjonen, handlar illojalt eller på annan måte sviktar eller går fram i strid med formålet til Norges Bondelags lover eller vedtak, kan styret i Norges Bondelag stengje ute som medlem.

Styret kan i mindre alvorlege tilfelle vedta ande reaksjonsformer.

Medlemeden kan forlange styret si avgjerd lagt fram for representantskapet. Ankefrist er 3 månader etter at medlemeden er gjort kjend med styret sitt vedtak. Den som har anka ei sak inn for representantskapet, har rett til å gjere greie for si sak i representantskapet før dette tek si avgjerd.

§ 8. Medlemskontingent

- a. Medlemmer i Norges Bondelag skal betale kontingent til Norges Bondelag og Bondelagets Servicekontor AS etter vedtak av årsmøtet i Norges Bondelag. Det einskilde medlemmet har plikt til å gi organisasjonen dei opplysningane som skal til for å rekne ut medlemskontingent. Styret gjev særskilde reglar for innkrevjing av kontingenten.
- b. Årsmøtet avgjer kor stor del av kontingenten som skal gå til lokal- og fylkesbondelag.
- c. Kontingenten skal vere betalt inn til Norges Bondelag innan 1. mars.
- d. Årsmøtet skal med $\frac{3}{4}$ fleirtal av dei møtande ut- sendingane gjere vedtak om å påleggje medlemmene særskild kontingent til særlege tiltak som årsmøtet gjev vedtak om å fremje.

Kap. II. Styrande organ

§ 9. Årsmøtet

Den høgste avgjerande styresmakt i Norges Bondelag er årsmøtet.

Ordinært årsmøte blir halde ein gong årleg, og såvidt mogleg vekselvis i dei ulike landsdelar.

Ordføraren kallar inn og leier årsmøtet.

a. Innkalling.

Ordinært årsmøte skal av ordføraren kunngjerast med minst 12 vekers varsel i medlemsbladet for organisasjonen, og ved skriftleg varsel til medlemmene av representantskapet, dei fylkesbondelag og dei organisasjonar som har rett til å velje utsendingar.

Ordføraren skal minst 6 veker før ordinært årsmøte ha sendt innkalling og sakliste til medlemmene av representantskapet og til dei som har rett til å sende utsendingar til møtet.

Styret kan i ekstraordinære tilfelle leggje fram saker som ikkje er oppførde på saklista for årsmøtet og ikkje tekne med i innkallinga. Dette gjeld ikkje lovendingar og spørsmål om oppløysing av Norges Bondelag.

b. Rett til å leggje fram saker for årsmøtet har styret og representantskapet i Norges Bondelag, fylkesbondelag, samvirkeorganisasjonane som er medlemmer i representantskapet, Norges Bygdekvinnelag og Norges Bygdeungdomslag. Vidare har eit lokallag av Norges Bondelag same rett når saka har fått tilslutning frå styret i fylkesbondelaget.

Saker som skal behandlast av årsmøtet må vere komne inn til styret minst 8 veker før ordinært årsmøte skal haldast.

Forslag til endring av organisasjonen sine lover og til oppløysing av organisasjonen, og som er ynskte behandla på første årsmøte, må vere styret i hende innan 1. februar det året årsmøtet skal haldast.

c. Årsmøtet er samansett av:

1. Utsendingar valde på årsmøte i fylkesbondelaga. Utsendingane blir valde for to år om

gangen, halvparten går ut første året etter loddrekning. Dessutan blir det valt varautsendingar i nummerorden, for 1 år, svarande til talet på utsendingar. Melder ein utsending forfall, blir varautsendingar innkalla i nummerorden.

Kvart fylkeslag vel ein utsending for kvart påbegynt 600 medlemmer (1-600 medlemmer gjev 1 utsending, 601-1200 gjev 2 osv.). Kvart fylkeslag skal likevel ha minst 3 utsendingar.

2. Fire valde utsendingar frå Norges Bygdekvinnelag, med 3 vararepresentantar i nummerorden.

3. Fire valde utsendingar frå Norges Bygdeungdomslag, med 3 vararepresentantar i nummerorden.

4. Medlemene av representantskapet.

d. Dei fast tilsette funksjonærane i Norges Bondelag kan delta og uttale seg på årsmøtet, men har ikkje stemmerett. Alle som er medlem i Norges Bondelag har rett til å følgje forhandlingane på årsmøtet dersom ikkje årsmøtet har vedteke å lukke møtet. Årsmøtet avgjer då kven som kan vere til stades under forhandlingane.

e. Årsmøtet avgjør om møtet skal vere ope.

f. Det skal førast protokoll over forhandlingane på årsmøtet.

g. Avstemmingar.

Årsmøtet tek sine avgjerder ved fleirtalsvedtak. Ved ulikt stemmetal har ordføraren dobbelstemme. Dette gjeld ikkje ved val.

Dersom ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Blir stemmetalet likt i tredje omgang, blir valet avgjort ved loddrekning.

Val av styremedlemer, ordførar og varaordførar skal vere skriftleg. Alle val på årsmøtet gjeld - dersom ikkje noko anna er fastsett - frå avslutninga av årsmøtet.

h. Reise- og kostgodtgjersle til medlemer av årsmøtet blir betalt av Norges Bondelag. Dei økonomiske organisasjonane betaler sjølve for sine utsendingar.

i. Årsmøtet skal:

1. Velje 2 utsendingar til å skrive under protokollen.
2. Handsame årsmeldinga frå Norges Bondelag.
3. Handsame rekneskapen for Norges Bondelag og meldingar frå revisor. Styremedlemene har ikkje stemmerett i denne saka.
4. Handsame prinsippprogram for ein programperiode nærare fastsett av årsmøtet.
5. Velje leiar, 1. og 2. nestleiar og 7 andre medlemer av styret. Leiaren og dei 2 nestleiarane blir valde for eitt år. Dei andre blir valde for 2 år, slik at 3 eller 4 går ut annakvart år. Kvart år skal det veljast 3 varamedlemer i nummerorden.

Tre medlemer av styret skal veljast blant medlemer i Norges Bondelag som er medlemer av styret i dei landsomfattande økonomiske organisasjonane. Om ein slik styremedlem går ut av styret i sin organisasjon, skal det veljast ein ny styremedlem for eit år.

Ved val av styret bør det takast omsyn til at kjønnsfordeling, distriktsrepresentasjon, brukstorleiken og dei ulike interesser innan landbruket vert ivaretekne.

6. Velje ordførar og varaordførar, samt 2 vararepresentantar i nummerorden. Desse veljast for eitt år.
7. Fastsetje godtgjersle til ordførar, leiar, nestleiar, styremedlemer og fylkesleiar i Norges Bondelag.

Fastsetje reise- og kostgodtgjersle for desse og for medlemer av årsmøtet og representantskapet.

Fastsetje daggodtgjersle for tillitsvalde sitt arbeid.

8. Velje statsautorisert revisor og fastsetje godtgjersle.

9. Velje leiar og 7 medlemer av valnemnda for neste årsmøte. 6 av medlemene veljast frå fylkeslaga. Det veljast ein nestleiar blant medlemmane frå fylkeslaga. Ein medlem, med varamedlem veljast frå samvirkeorganisasjonane.

Leiaren veljast for 1 år, medlemene veljast for 2 år.

Årsmøtet fastset reglar og instruks for valnemnda.

10. Fastsetje kontingenten og fordeling i samsvar med § 8.

11. Handsame andre saker som blir lagde fram.

§ 10. Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte blir halde etter vedtak i styret eller representantskapet. Det blir innkalla så vidt mogleg med 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte handsamar dei saker som blir lagde fram. Sakliste med dokument skal så vidt mogleg sendast ut før møtet. Styret fastset tidsfristen for innlevering av saker som skal handsamast.

§ 11. Representantskapet

Representantskapet i Norges Bondelag tek dei avgjerder som etter desse lovene er tillagt representantskapet, og skal elles vere rådgjevande organ for årsmøtet og styret i Norges Bondelag.

Representantskapet held møte når styret gjer vedtak om det, eller når ordføraren eller minst 6 av fylkeslaga, eller minst halvparten av medlemene i representantskapet krev det.

a. Det blir innkalla til representantskapsmøte med 6 vekers varsel. Styret kan i særlege tilfelle kalle inn representantskapet med kortare frist.

Representantskapet blir innkalla av ordføraren, som også leier møtet.

b. Rett til å leggje fram saker for representantskapet har årsmøtet, styret og fylkesbondelaga, samvirkeorganisasjonane som er medlemer av representantskapet, Norges Bygdekvinnelag og Norges Bygdeungdomslag.

Saker som skal handsamast av representantskapet, må vere innkomne til styret seinast 3 veker før ordinært representantskapsmøte. Ved ekstraordinært representantskapsmøte fastset styret tidsfristen for når saker som skal handsamast, må vere innkomne.

c. Representantskapet i Norges Bondelag er samansett av:

1. Ordførar og varaordførar.
2. Styret i Norges Bondelag.
3. Leiarane i fylkesbondelaga.
4. Eit medlem vald av Norges Bygdekvinnelag
5. Eit medlem vald av Norges Bygdeungdomslag
6. 16 medlemmer valde av desse organisasjonane:

1 frå TINE
1 frå Nortura
1 frå Norske Felleskjøp
1 frå Gartnerhallen
1 frå Hoff Norske Potetindustrier
1 frå Norges Pelsdyrslag
1 frå Norges Skogeierforbund
1 frå Norsvin
1 frå GENO
1 frå Norsk Sau og Geit
1 frå Landkreditt
1 frå TYR
1 frå Norges Birøkerlag
1 frå Norsk Fjorfelag
1 frå Norske Landbrukstenester
1 frå Norsk Landbruksrådgiving

Representantar med fulle rettigheter i Norges Bondelags representantskap må vere medlemmer i Norges Bondelag.

Medlemmer av representantskapet valde av dei økonomiske organisasjonane, Norges Bygdekvinnelag og Norges Bygdeungdomslag skal ha personlege varamedlemmer. For fylkesleiarane er nestleiarane i fylkesbondelaga varamedlemmer.

Avstemmingsreglane er dei same som for årsmøtet (jfr § 9g).

d. Det skal førast protokoll over forhandlingane i representantskapet.

e. Reise- og kostgodtgjersle til medlemene av representantskapet blir betalt av Norges Bondelag. Dette gjeld ikkje for utsendingar frå dei økonomiske organisasjonane.

f. Ordinært representantskapsmøte skal:

1. Velje 2 representantar til, saman med ordføraren, å skrive under protokollen.
2. Handsame alle andre saker som blir lagde fram av styret.
3. I samsvar med første ledd i denne paragraf, ta opp til drøfting saker som representantskapet finn å vere av interesse for Norges Bondelag.

§ 12. Styret

- a. Eit styre leier verksemda i Norges Bondelag. Styret er ansvarleg overfor årsmøtet for si verksemd og for forvaltninga av midlane til Norges Bondelag.
- b. Styret har 12 medlemmer. Av desse er 10 valde av årsmøtet. Dessutan ein medlem frå styret i Norges Bygdeungdomslag og ein medlem frå styret i Norges Bygdekvinnelag.

Ordføraren i representantskapet har møterett i styremøta, men har ikkje stemmerett. Ordføraren får styret sine saksdokument og protokollar.

Gyldig vedtak i styret krev minst 7 gjevne stemmer for vedtaket. Om det er like mange stemmer for kvart forslag, har leiaren dobbeltstemme.

Styret kjem saman når leiaren avgjer det, eller når minst halvparten av styremedlemmane krev det.

c. I sitt arbeid skal styret m.a.:

1. Leie arbeidet i laget i samsvar med lovene for Norges Bondelag og dei vedtak som blir gjorde i medhald av dei.
2. Ta opp saker som er av interesse for å fremje Norges Bondelag sitt formål. Styret skal vidare handsame saker som det får oversendt frå representantskapet.
3. Forvalte Norges Bondelag sine fond og andre midlar og eignelutar.

4. Føre tilsyn med arbeidet i dei ulike ledd innan organisasjonen og fastsetje dei nødvendige instruksar.
 5. Førebu dei saker som skal leggjast fram for representantskapsmøtet og årsmøtet.
 6. Tilsetje og avsetje generalsekretær i Norges Bondelag samt fastsetje arbeidsoppgåver og vilkår for generalsekretæren.
 7. Velje representantar til styret, representantskapet og årsmøtet i Norges Bygdeungdomslag, til styret og årsmøtet i Norges Bygdekvinnelag og til representantskapet og årsmøtet i Norges Skogeierforbund - i samsvar med desse organisasjonane sine vedtekter.
 8. Syte for nødvendig aksjonsberedskap (jfr § 2a, pkt 3).
 9. Styret gjer elles dei val som er nødvendige.
- d. Når det gjeld å greie ut særskilde saker, kan styret setje ned utval som arbeider under leiing av styret.

Til å leie særlege tiltak kan det oppnemnast særskilde styre.

Styret utarbeider instruks og statuttar for arbeidet til desse utvala og styra.

- e. Dersom eit lokallag eller fylkesbondelag gjer vedtak som ligg utanfor ramma av verksemda for laget, eller står i strid med Norges Bondelag sine lover eller vedtak, kan styret oppheve desse vedtaka.
- f. Norges Bondelag hefter med underskrift av leiaren og generalsekretæren saman, eller den styret gir fullmakt. Styret kan meddele prokura.
- g. Leiaren, dei to nestleiarane og ein styremedlem utgjer arbeidsutval innan styret. Styret vel ein medlem og to varamedlemmer til arbeidsutvalet.

Det skal førast protokoll over forhandlingane i styret og arbeidsutvalet.

- h. Leiaren og dei to nestleiarane er Norges Bondelag sitt forhandlingsutval. Styret vel to varamedlemmar til forhandlingsutvalet mellom styret sine medlemmer. Vala skjer for eitt år.
- i. Styret i Norges Bondelag er generalforsamling i Bondelagets Servicekontor AS. Generalforsamlinga vel fire personar frå styret i Norges Bondelag til styret i servicekontoret.

Kap. III. Om lokallag av Norges Bondelag

§ 13. Lokale bondelag

Medlemene i Norges Bondelag skal organiserast i lokale bondelag (jfr § 4).

§ 14. Årsmøtet i lokale bondelag

Den høgste avgjerande styresmakt i det lokale bondelag er årsmøtet.

Ordinært årsmøte blir halde innan 1. november kvart år. Årsmøtet blir kalla inn av styret.

Alle årsmøte skal kunngjerast til medlemene med minst 14 dagars varsel.

Saklista skal gjerast kjend for medlemene.

Årsmøtet vel sjølv sin møteleiar.

a. Ordinært årsmøte skal:

1. Velje møteleiar.
2. Velje 2 årsmøtedeltakarar til, saman med møteleiar, å skrive under protokollen.
3. Handsame meldinga frå styret.
4. Handsame rekneskap og melding frå revisor. Styremedlemene har ikkje røysterett i desse sakene.
5. Handsame arbeidsplan for neste år.
6. Handsame andre saker som styret legg fram. Eit medlem har rett til å få ei sak handsama på årsmøtet når saka er komen inn til styret seinast 8 dagar før årsmøtet.
7. Velje leiar og minst 4 styremedlemmer. Leiaren blir vald for eitt år og styremedlemmene for to år om gongen. Velje 3-5 varamedlemmer i nummerorden for eitt år om gongen.

I lokallag med færre enn 50 medlemar kan hovudregelen fråvikast, men ingen lokallag kan velje færre styremedlemar enn leiar, to styremedlemar og to varamedlemar.

8. Velje utsendingar til årsmøtet i fylkesbondelaget, dersom laget har rett til nokon i tillegg til leiaren som er sjølvskriven (sjå § 19a, pkt 1).

9. Velje 2 revisorar.

10. Velje valnemnd for neste årsmøte.

b. Alle medlemene av laget og medlemmer i det lokale bondelagsstyret frå Norges Bygdekvinnelag og Norges Bygdeungdomslag har stemmerett på årsmøtet.

Årsmøtet tek sine avgjerder ved fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har møteleiar dobbeltstemme. Dette gjeld ikkje ved val.

Dersom ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Blir stemmetalet likt i tredje valomgang, blir valet avgjort ved loddtrekning.

Alle val på årsmøtet gjeld - dersom ikkje noko anna er fastsett frå avslutninga av årsmøtet.

Val på leiar og styremedlemmer skal vere skriftlege.

c. Ekstraordinært årsmøte blir innkalla når styret eller ¼ av medlemene i laget, eller styret i fylkesbondelaget krev det.

d. Det skal førast protokoll over forhandlingane på årsmøtet.

§ 15. Styret i lokale bondelag

Arbeidet i det lokale bondelag blir leia av eit styre. Styret er ansvarleg ovanfor årsmøtet i lokallaget.

a. Styret er samansett av leiaren og styremedlemene valde på årsmøte (jfr § 14a, pkt 7) samt eitt medlem frå styret i lokallaga av Norges Bygdekvinnelag og Norges Bygdeungdomslag. Er det fleire lag av Norges Bygdekvinnelag og/eller Norges Bygdeungdomslag innan det lokale bondelagsområdet, skal dei to organisasjonane kvar for seg ha ein felles representant i styret for det lokale bondelaget. Styret er vedtaksfør når minst halvparten og minst tre av styremedlemmene er til stades.

b. Styret skal m.a.:

1. Velje nestleiar, kasserar, sekretær , studieleiar og verveansvarleg innan styret. Når årsmøtet har gitt fullmakt til det, kan rekneskaps-, sekretær- og kassererarbeidet ordnast utanom styret.
2. Leie arbeidet i laget i samsvar med desse lovene, og vedtak gjorde i medhald av dei.
3. Ta opp saker som fremjar Norges Bondelag sitt formål, og saker som er av interesse for medlemmene i lokallaget.
4. Velje utval til å ta seg av dei ymse arbeidsoppgåvene for lokallaget innan bygda.
5. Stø ungdomsarbeidet og arbeide for å skipe nye NBU-lag.
6. I den mon det er ønskjeleg for arbeidet i laget og det lokale aksjonsapparat, kan styret oppnemne krinsmenn.
7. Syte for nødvendig aksjonsberedskap (jfr § 2, pkt 3) og syte for at Norges Bondelag sine aksjonsplanar blir følgde opp.

c. Styret bør ha møte minst 4 gonger i året.

d. Det skal førast protokoll over forhandlingane i styret. Utskrift av protokollen skal sendast til fylkesbondelaget.

§ 16. Ansvar

Dei lokale bondelaga kan ikkje drive forretningsverksemd eller setje i gang tiltak som kan medføre økonomisk ansvar utan etter førhandsgodkjenning av styret i Norges Bondelag (jfr. § 4).

§ 17. Æresmedlemer i lokale bondelag

Æresmedlemer av eit lokalt bondelag blir utnemnde av årsmøtet etter framlegg frå styret i lokallaget.

Framlegget på æresmedlemer må vere godkjent på førehand av styret i Norges Bondelag. Framlegget blir sendt gjennom fylkeslaget.

Kap. IV. Om fylkeslag av Norges Bondelag

§ 18. Fylkesbondelag

Lokale bondelag i eit fylke skal sluttast saman til fylkesbondelag (jfr § 4).

§ 19. Årsmøtet i fylkesbondelaget

Den høgste avgjerande styresmakt i fylkesbondelaget er årsmøtet.

Årsmøtet skal ordinært haldast innan utgangen av april månad.

Årsmøtet blir gjort kjend for Norges Bondelag og lokallaga 6 veker før det blir halde. Innkalling til årsmøtet med sakliste skal sendast Norges Bondelag og utsendingane til årsmøtet seinast 14 dagar før møtet blir halde.

Årsmøtet blir kalla inn av styret, og blir styrt av ein vald møteleiar.

a. Årsmøtet er samansett av:

1. Leiarane i dei lokale bondelaga. I tillegg vel lokallag med over 100 medlemmer 1 utsending for kvar påbyrja 100 medlemmer. 101-200 gir 1, 201-300 gir 2 osv.
2. Styremedlemmene i fylkesbondelaget.
3. To utsendingar valde av Norges Bygdekvinnelag i fylket.
4. To utsendingar valde av Norges Bygdeungdomslag i fylket.
5. Medlemmer av styre og representantskap i Norges Bondelag som bur i fylket.
6. Medlemer av årsmøtet i Norges Bondelag valde av fylkesbondelaget. (Valet gjeld for to årsmøte i Norges Bondelag og medlemmene møter dermed på dei 2 følgjande årsmøta i fylkesbondelaget.)
7. Møteleiar.

Utsendingar frå Norges Bondelag har rett til å vere til stades og uttale seg på årsmøtet. Leiarar i faste utval og eventuelle krinsleiarar blir kalla inn til årsmøtet.

Elles har alle medlemmane av Norges Bondelag rett til å følgje forhandlingane på årsmøtet dersom ikkje årsmøtet har vedteke at handsaminga av somme saker skal gå føre seg i stengd møte. Årsmøtet avgjer då kven som kan vere til stades under forhandlingane.

b. Årsmøtet skal:

1. Velje 2 representantar, til å skrive under protokollen saman med møteleiaren.
2. Handsame årsmeldinga frå styret.
3. Handsame rekneskap og framlegg til budsjett for neste år. Styremedlemmene har ikkje stemmerett i desse sakene.
4. Handsame arbeidsplan for neste år.
5. Velje leiar for 1 år om gongen. Vidare velje 4 styremedlemer for 2 år om gongen, og 3 varamedlemer i nummerorden for 1 år. Årsmøtet vel så nestleiar for 1 år mellom dei valde styremedlemmene.
6. Velje utsendingar for to år til årsmøte i Norges Bondelag (jfr § 9c). Halvparten går ut første året etter loddtrekning. Dessutan kvart år velje så mange varautsendingar i nummerorden som svarar til talet på utsendingar.
7. Velje møteleiar for neste årsmøte.
8. Velje valnemnd for neste årsmøte.
9. Handsame dei sakene som blir lagde fram.

Lokallag som vil ha ei sak fremja for årsmøtet, må sende saka inn til styret i fylkesbondelaget seinast 1 månad før årsmøtet.

Saker som kjem for seint inn, og saker som ikkje er tekne med på innkallinga, kan styret leggje fram for årsmøtet til handsaming dersom $\frac{3}{4}$ av medlemmene på årsmøtet stemmer for det. Dette gjeld ikkje særskilde saker som styret i Norges Bondelag har sendt fylkesbondelaget til handsaming på årsmøtet, og som det hastar med å få avgjort. Styret i fylkesbondelaget avgjer om framlegg frå einskildmedlemmer skal handsamast.

- c. Årsmøtet tek sine avgjerder ved fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har møteleiaren dobbeltstemme. Dette gjeld ikkje ved val.

Dersom ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir en halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Blir stemmetalet likt i tredje valomgang, blir valet avgjort ved loddtrekning mellom dei to.

Val på leiar og styremedlemer skal vere skriftleg.

Alle val på årsmøtet gjeld - dersom ikkje noko anna er fastsett - frå avslutninga av årsmøtet.

- d. Det skal førast protokoll over forhandlingane på årsmøtet. Utskrift av protokollen blir sendt til Norges Bondelag og til deltakarane på årsmøtet.
- e. Ekstraordinært årsmøtet blir kalla inn når styret i fylkesbondelaget eller ¼ av lokallaga, eller styret i Norges Bondelag krev det. Innkallinga skal til vanleg gjerast med minst 14 dagars skriftleg varsel. Ekstraordinært årsmøte handsamar berre dei sakene som står i innkallinga.

§ 20. Styret i fylkesbondelaget

Eit styre leier arbeidet i fylkesbondelaget. Styret er ansvarleg overfor årsmøtet i fylkesbondelaget.

- a. Styret er samansett av leiar, nestleiar og 3 styremedlemmer, dessutan ein medlem med vararepresentant frå styret i fylkeslag av Norges Bygdekvinnelag og Norges Bygdeungdomslag. Årsmøtet vel leiar for 1 år om gongen. Av dei valde styremedlemmene vel årsmøtet nestleiar med 1 års funksjonstid. Første gong går 2 av styremedlemmene ut ved loddtrekning.

Styret kjem saman når leiaren avgjer det, eller etter krav frå minst halvparten av styremedlemmene.

Gyldig vedtak i styret krev minst 4 avgitte stemmer for vedtaket.

- b. Styret skal m.a.:

1. Leie fylkesbondelaget i samsvar med desse lovene, og vedtak gjorde i medhald av dei.

2. Ta opp saker for å fremje Norges Bondelag sitt formål, og gjennomføre dei pålegga som Norges Bondelag gir.

3. Forvalte den del av kontingenten som fell på fylkesbondelaget og andre midlar som fylkesbondelaget har disposisjonsrett over.

4. Rettleie lokallaga i arbeidet deira.

5. Syte for nødvendig aksjonsberedskap (jfr § 2a, pkt 3), og syte for at Norges Bondelag sine aksjonsplanar blir følgde opp.

6. Innstille overfor Bondelagets Servicekontor AS ved tilsetjing av organisasjonssjef.

7. Velje representantar til styret i fylkeslag av Norges Bygdeungdomslag og Norges Bygdekvinnelag.

Velje 2 utsendingar til årsmøtet i fylkeslag i Norges Bygdekvinnelag og 2 utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget i Norges Bygdeungdomslag

- c. Til å førebu saker for styret, og avgjere mindre viktige saker og saker som det hastar med å få avgjort, kan styret oppnemne eit arbeidsutval mellom medlemmene sine. Styret gjev nærare instruks for verksemda til arbeidsutvalet.

- d. Det skal førast protokoll over forhandlingar i styret.

§ 21. Ansvar

Fylkesbondelaga kan ikkje drive forretningsverksemd eller setje i gang tiltak som kan medføre økonomisk ansvar utan etter førehandsgodkjenning frå styret i Norges Bondelag (jfr. § 4). Heller ikkje kan fylkesbondelaga på andre område gjere vedtak som bind Norges Bondelag (jfr. § 12 e).

§ 22. Æresmedlemer i fylkesbondelaget

Æresmedlemer av eit fylkesbondelag blir utnemnde av årsmøtet etter framlegg frå styret i fylkesbondelaget.

Framlegget på æresmedlemer må vere godkjend på førehand av styret i Norges Bondelag.

Kap. V. Spesielle føresegner

§ 23. Utfyllande føresegner m.m.

- a. Årsmøtet i Norges Bondelag eller styret i Norges Bondelag - etter fullmakt frå årsmøtet - kan gje føresegner til utfylling av desse lovene.
- b. Styret i Norges Bondelag gjev utfyllande føresegner om administrasjon, arbeids- og ansvarsforhold - under dette instruks for sekretariatet.
- c. Etter desse lovene forstår ein fleirtalsvedtak som meir enn halvparten av dei avgitte og godkjende stemmene. Blanke stemmer blir rekna som avgitte stemmer.

§ 24. Avstemmingar

- a. Styret i Norges Bondelag kan gjere vedtak om at det skal haldast skriftleg avstemming mellom medlemene. Styret avgjer om slike skriftlege avstemmingar skal vere rådgjevande eller bindande, og styret kan gi nærare reglar om avgrensing av stemmeretten i særskilde saker. Ved skriftlege medlemsavstemmingar skal spørsmåla vere slik forma at det klart kan svarast ja eller nei. Alle andre svar skal vrakast.
- b. Styret kan gjere vedtak om at særskilde saker skal sendast ut til avstemming blant nærare nemnde tillitsvalde eller tillitsvalde særleg valde for særskilde saker.
- c. Dei lokale avstemmingsresultat må ingen andre enn styret i Norges Bondelag få melding om. Styret avgjer om sluttresultatet skal offentleggjerast eller ikkje.
- d. For saker av interesse for ein mindre del av landet kan eit fylkesbondelag, med samtykke frå styret i Norges Bondelag, halde avstemming mellom medlemmene sine. Styret i Norges Bondelag skal godkjenne reglar for slike avstemmingar.

Styret gjer elles dei vedtak som trengst for å gjennomføre avstemmingar etter denne paragrafen.

§ 25. Aksjonsapparatet

For å gjennomføre mottiltak eller andre organisasjonsmessige tiltak slik det er gjort vedtak om (jfr § 2a, pkt 3) skal styret i NB til ei kvar tid ha ein aksjonsberedskap. Det faste aksjonsapparatet er:

- a. Styret i Norges Bondelag
- b. Styret i fylkesbondelaget
- c. Styret i lokallaget

§ 26. Rekneskap og revisjon

Rekneskapa for Norges Bondelag skal følgje kalenderåret. Det same gjeld for fylkesbondelag og lokallag. Lokallaga kan likevel ha avvikande rekneskapsår.

Rekneskapa for Norges Bondelag og fylkesbondelaga blir reviderte av ein tilsett revisor.

Revisor skal levere inn revisjonsmelding til vedkommande styre snarast etter at ein rekneskap er avslutta. Revisor skal kallast inn når rekneskapa blir handsama i representantskap og årsmøte.

§ 27. Meldingar

Lokale bondelag og fylkesbondelag har plikt til å gi dei utsegner, meldingar og opplysningar som styret i Norges Bondelag ber om.

§ 28. Endring i lovene

Endringar i lovene for Norges Bondelag kan gjerast i ordinært eller ekstraordinært årsmøte med 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene. Det skal stå i innkallinga kva framlegget til endring går ut på.

§ 29. Oppløysing

- a. Oppløysing av Norges Bondelag kan gjerast på ordinært årsmøte når vedtaket på årsmøtet er samrøystes og det ligg føre samrøystes innstilling frå dei frammøtte representantane i representantskapet. Det er ein føresetnad at minst 3/4 av medlemmene til årsmøtet skal vere til stades.

Vidare kan det gjerast vedtak om oppløysing med fleirtalsvedtak av to årsmøte som følgjer etter kvarandre. Det må minst vere gått to månader mellom dei to årsmøta.

- b. Dersom Norges Bondelag blir oppløyst, avgjer årsmøtet korleis formuen til organisasjonen skal brukast.